

---

**Fra:** Geir Martin Kvamme  
**Sendt:** torsdag 20. september 2018 16:31  
**Til:** 'sara.soreide@gmail.com'  
**Kopi:** leni-marie.lisaeter@fiskeridir.no; Gjermund Langedal  
**Emne:** Vedrørende funnet notstykke i Hosøyvegen.

Hei

Viser til e-post angående sak med funn av notstykke i moloen ved Hosangervegen i Lindås i samband med strandrydding. Me beklagar sein tilbakemelding. Dette skyldas mellom anna at me fram til no har forsøkt å få eit av Fiskeridirektoratet sine eigne fartøy til å hente notstykket og få det levert til godkjent mottak, men me har i dag fått tilbakemelding om at det vanskeleg lar seg gjea.

Me har prøvd å spore opp mogeleg eigar av notstykket ut frå merkelappane, utan å lykkast. Det var delar av merkelappar på notstykkena som tydde på at dette var gamalt, mellom anna ut frå at det stod «(manglende namn og) Fiskeredskap» og fax. Nr. med retningsnummer til Austevoll (ikkje lengre i bruk), som tydde på at det kunne kome frå gamle «Rabben Fiskeredskap». Dette selskapet vart kjøpt opp i 2004 av Egersund Net. Det stor også «Møkster» på eine lappen. Eg valte i å ta kontakt med dei 2 oppdrettselskapa i området ( Blom og Sjøtroll), sjølv om det i utgangspunktet ikkje var noko som skulle tilseia at det var dei, men dei kjende kanskje lokale folk som visste noko meir. Sjøtroll tok kontakt med Egersund Net, men dei hadde dessverre ikkje den gamle programvaren tilgjengeleg lengre og det ville truleg ta tid og pengar å få fram det gamle arkivet igjen. Det dei kunne finne skriftlig i eldre bøker var at einaste «Møkster» kunde dei hadde i denne perioden ( 1995) var Møkster Fisk.

Sidan me i våre registre ikkje har nokon «Møkster Fisk», og ikkje har hatt noko slikt selskap så lenge eg kan huske, tok eg ein telefon til ei oppdrettar på Møkster for å høre om han visste noko om dette selskapet. Han kunne fortelje at dette selskapet vart seldt kring 1997 til Kvernsmolt. Etter det eg kjenner til har dette selskapet seinare gått inn i Lerøy Vest systemet, men eg kan ikkje sjå at dei har hatt anlegg i nærliken av Husøyvegen i Lindås.

Så langt me kan sjå vert det vanskeleg å bevise kven som har hatt nota i «sin besittelse» dei seinare åra (kan ikkje ha lagt der i over 20 år, sidan merkelappen enda var leseleg) og det er høgst truleg ikkje eit oppdrettselskap.

For å sjå om det var mogeleg å få fjerna notstykket tok Fiskeridirektoratet region vest kontakt med Fiskeridirektoratet sin sjøtjeneste, for å undersøkje om dei hadde moglegheit til å rydde opp med eit av sine fartøy. Det har dessverre synt seg vanskeleg å få dette inn i deira seglingsprogram.

Sidan det i utgangspunktet er kommunen som handhevar etter forureiningslova vert saka no sendt over til dei.

Me beklagar at me dessverre ikkje fekk løys dette.

Med helsing

Geir Martin Kvamme  
Seniorrådgjevar Fiskeridirektoratet region vest

Tlf. 905 13 677